


Iddisar – hermetikketiketter – hadde også barn som motiv.



LEIKEN FRAM I LYSET

Det starta på eit møte i husflidslaget og enda i utstilling på Hå

REDAKSJONEN

«Eg har så lyst på ei utstilling.» Ellaug Heskestad frå Nærbø la fram draumen på eit ganske alminnelig møte i styret i Rogaland Husflidslag. Det vart opptakten til den store leikeutstillinga som våren 1991 vert presentert på Hå gamle prestegard.

Men det skulle gå både år og dag før planane kom så langt. Og planane skulle gå både oppoverbakke og nedoverbakke før det endeleg vart utstilling av det.


Ellaug hadde gått lenge med draumen om leikeutstilling. Fordi ho hadde lyst å visa fram gamle leiker som sto bortgøymt i eit skap og fordi ho hadde lyst til å føre vidare noko av det forholdet hennar generasjon hadde til leik. – Visa at leiken er mykje lik frå generasjon til generasjon sjølv om

leikene forandrar seg. «Eg ville visa at barn har leika gjennom alle tider utan å ha alle dei flotte og dyre leikene som finst i dag. Ein kan leika dokker med ein pinne om ein ikkje har anna.»

Husflidslaget starta

Det store registreringsarbeidet av leiker som Rogaland husflidslag gjennomførde, er heilt grunnleggjande for utstillinga. Første møte om leikeutstilling på Hå var hausten 1987, og i januar 1988 begynte husflidskonsulenten å reisa rundt frå bygd til bygd og registrera leiker.

Folk kom med leikene sine, dei vart fotograferte og registrerte og ein fekk til slutt eit registreringsmateriale på 1200 gjenstandar. I tretten kommunar



Filledokka «Tobias» frå Sandnes.

Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.

vart det drive registrering. Det vil seia at dei kommunane deltok som hadde lag som kunne ta på seg ein slik jobb. Det var husflidslag, bondekvinnelag eller husmorlag. Dei gjorde registreringa kjent. Folk kom med ein ting, nokre få ting eller ei heil samling. Mange gjorde ein stor jobb. Arbeidet blei

avslutta i mange av kommunane med ei lokal leiketøysutstilling.


Porselen og dokker

Kva var det så folk hadde teke vare på? Jau, mykje finare leiker. *Kjøpedokker* og *porselensservice* fanst i hopetal. Dei eldste leikene er frå tidleg på 1800-talet. Den aller eldste er frå Hausken på Rennesøy: ein liten ambar, 9 cm høg, med innskrifta «Anno 1788 A P D B». Den er blitt brukt til å oppbevare småting, så som munkekuler. Hovudvekta er leiker frå 1920 og frametter. Registreringa omfatta leiketøy til omlag 1950.

Typiske gutteleiker er det mindre av. Til trass for at «alle» leika med kvernkall, så er berre ein slik registrert. Kanskje dei fleste vart liggjande att i bekken? Også bilar er det litt sparsomt med. *Hestar* finst i alle variantar; frå små hestar på hjul, gjerne med kjerre, men også med stall – til dei store gyngestane frå Opstad eller andre stader.


Det er berre registrert sju bamsar. Kanskje dei er knipte og klemde så lenge at dei er utslitne? Andre mjuke kosedyr og filledokker finn ein og. Vi finn mange døme på det leiketøyet dei fleste born har fått- og får i hendene; rangla. Desse er som regel av tre, gjerne utforma saman med bite-ring. Dei velkjende vinnepinnane – til å vinna små garnspolar på – utskårne med små trekuler inni. Desse trekulene ranglar laust inne i pinnen, og i det registrerte materiale finn vi fleire slike barnearanglar.

Heimelaga leiker blei laga av det ein hadde til rådvelde: Ei enkelt spikka tredokke; ein stein med påmalt ansikt og ei kleklype med fjes, begge fint kledde i tøyrestar. Tråddokker var også vanlege. Om ei slik dokke frå Rennesøy, laga i 1905, heiter



Det er fleire dømme på smidde dyr frå Gjesdal. Desse er laga i 1890-åra.


Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.





Dei fleste gutane hadde ein eller fleire heimelaga båtar. Dei var ikkje så store før dei laga slike sjølv. Denne båten laga Peder Kristoffersen Salthus i Haugesund i 1943.

Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.

Kleklypedokker som Herborg Kverneland i Time har leika med. Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.





det at ho som laga denne, laga og gav bort til mange: «Alle ungane hadde.»

Gutane fekk dyr som far, storebror eller ein av onklane har spikka. Frå Gjesdal er det fleire meir forseggjorde tredyr og i Bjerkreim er det fint forseggjorde trefuglar. Dei fleste dokkehusa ser også ut til å vera heimelaga og då ber det preg av den lokale tilgangen på materiale: Då Tollak Landa laga rundtømra dokkehus på Finnøy i 1944, brukte han spisskål-kassar som «råvare».

Det er også *sportsutstyr* blant leikene: Krubba/kjelken kan vera laga heime eller på skulen. Skeisene, særleg snøskeisene, var heimalaga. Blant dei meir forseggjorde leikene er det fleire eksemplar på båtar, fine skuter med segl, gjerne laga av gamle sjøfolk, ser det ut til.

Sjøfolk tok også med seg spanande ting heim frå fjerne himmelstrok. Her er det russiske dokker frå Odessa og eggeglas frå Riga.

Frå siste verdskrigen finn ein og fleire døme på leiker laga av krigsfangane i distriktet m.a. *mobilar* laga av ein tretning med 3 små fuglar på. Ringen har ei dra-snor i midten. Denne typen bevegelsesleik har lange tradisjonar i Europa. Vi finn og ledda dyr av tre som krokodillar o.a. Desse leikene vart laga av russiske og polske krigsfangar og nytta som byttemiddel under krigen mot egg og mat

*Frå siste verdskrigen finn ein fleire døme på leiketøy laga av krigsfangar. Krokodillen er laga av polske fangar i Høyland. Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.*

*Ein sigarkasse var utgangspunktet då Hervor Bøe laga seg dokkehus i 1922. Mykje av innbuet laga ho sjølv. Så tok ho sine oppsparte 1, 2 og 5 ører med seg til butikken O. Sæland i Sandnes og kjøpte resten av møblar og utstyr. Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.*


(helst egg). Dei fleste av desse leikene finn ein i Sandnes/Høyland – området, i nærleiken av Vatneleiren, men det finnes og døme på krigsfangeleiker spreidd over heile fylket.


Dei mange *basarane* var ei kosteleg kjelde for fine leiker. Eit koppestel frå Egersund Fayance blei vunne på basar i Strand. Den vesle eigaren fekk sjeldan lov å leike med det, men gleda over å eiga det, var sikkert stor. Det var ikkje alltid at slike basargevinstar kom i «rett hand». Ein flott trehest frå Opstad har overlevd i nærare 60 år etter at han var basargevinst. «Ser ubrukt ut», står det på registreringskortet. Det var truleg ein vaksen person som fekk den gevinsten med seg heim, framfor mange skuffa barneauger. Lukkeleg var den som hadde ein onkel i Amerika eller eit anna utland! I Skudeneshavn budde ei lita jente som fekk flygel frå onkelen i Königsberg i Øst-Preussen i 1935, medan ein annan fekk eit spel frå Amerika, med uskjønelege speleregjar. Det var ikkje mange som beherska engelsk på den tid. Då var det enklare med ei dokke.

Leiker er prega av lokalt næringsliv og fedrene sitt yrke. Dei to gutane til Jærbanens første driftstyrar, Johan David Lorange, har etterlate seg togsett med to lokomotiv, signalmast og skinner. Det var nok gjeve ting blant kameratane.

Det er teke vare på mange typar samleleiker; glans, serviettar, filmstjernebilete og – iddisar; dei fargerike omslagsbileta frå hermetikk-industrien i Stavanger. Desse iddisane kunne nyttast i mange leike-samanhangar, men største verdien var som samleobjekt.


Slik kunne ein fortsette å nemne døme frå det registrerte materialet. Men det er noko ujamnt kor mykje som blir fortalt om kvar enkelt leike.






Det er mange eksempler på fine kjøpeleiker. Denne tysk produserte symaskinen fekk ei jente i Haugesund i 1927.

Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.




Jernbane var eit nytt og spanande transportmiddel sist på 1800-talet og sette nok fart i fantasien til mang ein gut. J. D. Lorange var direktør på Jærbanen frå starten i 1878. John og Finn Lorange var sønene hans, og dei hadde dette fine toget med to lokomotiv, skinner og lyktestolpe.

Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.



Bilar var ikkje berre for gutar. Elfrid Kjølvik i Tysvær fekk denne tyske bilen i 1925.

Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.



Jula 1949 fekk Tore Kverneland på fire år denne bilen i ein stor Amerikapakke (Time).

Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.



Dei to søskenbarna Kari og Sigrun Fosse i Time har fått Amerikapakke med dokker.

*Foto: * Time Folkebibliotek / Fifo.*

Utvalet er nok også litt tilfeldig. Det spørs kven som stod for registreringa på kvar plass og kva kontaktar dei hadde. Men materialet er stort og kan nok samla seiast å vera representativt for kva som er teke vare på.

Saman med annan kunnskap, som tradisjonsmateriale og museumssamlingane gjer dette eit bilete av kva barn leika med fram til 1950.

Materialet syner og særtrekk og variasjonar frå dei ulike bygdene, men mest mellom by og land. I Haugesund viser leikene som er registrerte at det

har vore god kontakt mellom byen og utlandet. Også registreringane på Karmøy ber preg av at her budde mykje sjøfolk som har henta heim ting frå andre kantar av verda. Ellers er det mykje kjøpeleiker som er tekne vare på. Kanskje er dei kjøpte heim frå marken; eit dokkhovud, ein fargerik hest med vogn eller eit koppestell.

Det fins mange leiker frå Opstad tvangsarbeidshus i Rogaland. Mange leikemodellar vart laga der. Somme tok også kopi av desse. Det er og registrert ein gynghest laga ved Botsfengselet i Trondheim, modellen er svært lik Opstadhestane.

Ein annan historie er trevarefabrikkane sin produksjon av leiker. Fleire hadde det som biprodukt ei tid. På Moi finn vi både Moi Stolfabrikk og Moi leketøyfabrikk. Derimot er det ikkje nokon som har oppgjeve Mælsosen trevare og leiketøyfabrikk, eller Ivar Rossavik som produsentar, sjølv om begge desse dreiv fabrikkasjon av treleiker på Helle i Høgsfjord frå 1896 og 1897 og fram til kring 1940. Ivar Rossavik leverte fint smidde trehestar med kjerre eller karjol til husflidsforretningane både i Stavanger, Oslo, Bergen og Trondheim i tida frå 1900 og frametter. Det finnst truleg leiker bevart frå desse utan at opphavet lenger er kjent. I Sandnesområdet var det mange trevarefabrikkar. Det var få som hadde leiketøy som faste produkt, utanom Åse dreieri og Åse Mølle- og trevarefabrikk på Ganddal som laga sulletoppar. Men på ein del leiker er Sandnes nemnt som produksjonstad. Det ser ut til å vera folk som arbeidde i trevareindustrien som lagte leiketøy «på si» til eigne ungar og til kjenningar.

I potteria på Sandnes blei det også laga leiketøy. I det registrerte materialet finn ein m.a. leirgaukar «Sandnesgaukar», som det var stor produksjon av.




Marit Nordhus døydde ung i 1957. Men leikene hennar er tekne godt vare på. Denne løvskorne dokkesenga er laga av ein bygdesnekker for ti kroner.

Foto: Reidun Gudmestad Undheim

Desse gaukane var ei salgsvare, men blei og delte ut til ungar langs kysten når frakteskutene med tegl- og pottetivarer frå Sandnes hadde sine turar oppetter Vestlandet.

Koppestell og dokker frå Egersund Fayance er og teke vare på i fylket. Fayansen laga dokkehovud av mange slag: skrikarunger og eskimoar; og koppestell med barneopptog og med nissar.

«Annedokker» og «tomtebilane» i plast frå Åsm. S. Lærdal i Stavanger finn ein imidlertid ikkje igjen i registreringane til husflidslaget. Anne-dokkene vart produserte i tidsrommet 1952 til 1962, mens bilane vart laga på 1960- og 70-talet. Denne produksjonen kom soleis på markedet etter tidsgrensa på 1950 som husflidslaget hadde. Men at det finst mange «Annedokker» og heilstøypte gummibilar frå Lærdal omkring på loft og på barnerom enno i Rogaland er det nok ingen tvil om.



Somme spel var å få fatt på i butikken. Men dette enkle talspelet er heimelaga på Nordhus.

Foto: Reidun Gudmestad Undheim

Marit frå Rennesøy

Marit heitte ei jente frå Rennesøy, Marit Nordhus. Ho vart fødd i 1936 og vaks opp som einaste barnet på garden Nordhus, men ho var omgitt av foreldre og slektningar, nabobarn og ikkje minst bestemor Metta. Stor var sorga då Marit vart sjuk og døydde i 1957. Ho gjekk då på gymnaset.

Men Marit har late etter seg ein arv som slektningane har visst å ta vare på. Leikene hennar, og også til andre barn i slekta, står framleis i huset på



Ludoet var viktig samlingspunkt på Nordhus. Når bestemor Metta tok fram det, så flokka barna seg rundt. Berit Ullenes og mannen hennar Svein tek no vare på ludoet og andre leiker som høyrer til på garden.

Foto: Reidun Gudmestad Undheim

Nordhus, godt bevarde. No har dei vorte ein stor og viktig del av husflidslaget sitt leikeregister. Rundt 60 leikegjenstandar vart registrerte berre i dette huset.

Ei heil leikesamling med dokker og spel. Ja, endå til syposen med prøvelappar frå handarbeids-timane.

– Eg tykkjer det er viktig å ta vart på den gamle kulturen. Og leiker er ein del av det, seier Berit Ullenes som i dag har hand om samlinga. Leikene er ein del av kulturen som skal fortelja historia til neste generasjon.

Berit Ullenes arbeider i barnehage og kan dagleg samanlikna og oppleva korleis leiken har endra seg. Berit har alltid samla på ting som andre ikkje ville ha. Då ho gifta seg til Rennesøy i 1964 fortsette ho med det, og førde dermed vidare ei line som hadde vore på garden frå før.

I eit gammalt hus på garden, bygd i 1854 er det samla. Alt frå løvskårne dokkesenger til sundagsskuleboka. Her er dropspapir, julepapir, etikettar og glans, og minnebok.

Her er ting laga av bygdesnekrar, heimelaga ting og kjøpte ting.

Gamle Metta si klumpete dokkeseng og Marit si løvskårne laga for ti kroner. Og her er fleire bøker enn søndagsskuleboka.

Denne heimen har nemlig også spelt ei viktig rolle når det gjaldt bøker og lesing i bygda, og var tidleg samlingsplass for høgtlesing.

Ludo var viktig

Når bestemor Metta var ferdig med dagens porasjon potetkaker, tok ho fram ludoet. Rundt Metta var samlingsplassen både for Marit og for andre barn. Dei samlast hjå henne og spelte ludo og Svarte-Per. Ofte måtte dei lokkast heim når det nærma seg sengetid.

Berit og Svein Ullenes bur no på kårstykket på garden. Og dei har sjølv teke opp tradisjonen med ope hus for barn og unge, frå gamle Metta og frå svigermor Gurina Ullenes.

– Det slår meg kor like leikene er utstyret dei vaksne brukte. Det er som små kopiar, og det var ungane sin måte å setja seg inn i dei vaksne si verd, seier Berit Ullenes. Ho viser fram to strykejern ho har ståande side ved side, eitt for vaksne og eitt for barn.

Berit Ullenes er tilflyttar på garden. Likevel har ho samla mykje kunnskap om tidlegare tider ved å snakka med dei gamle og ved å lesa. Og der er ein arv ho ynskjer å gi vidare. Til eigne barn og til andre. Difor har ho også opna dørene for skule-

klassar. Og når det høver tek ho med seg ting til barnehagen som kan fortelja om tida som var, både karda og rokken har vore i bruk i barnehagen. Og garn vart det.

Registreringa av gamalt leiketøy som husflidslaget starta i 1988 vert og for framtida eit viktig kjeldemateriale. Og utstilling vart det óg eit sjeldant høve til å sjå mange leiker frå Rogaland som framleis er bevarde, enten av andre eller av familien der leikene har høyrte til.